



Ivar Holmaas
Sandnesstykket 3
5981 Masfjordnes

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/511 - 22/10146

Sakshandsamar:
Kjartan Nyhammer
kjartan.nyhammer@masfjorden.kommune.no

Dato:
09.12.2022

Kort oppsummering etter synfaring i byggesak på GBNR 32/97,98,99 Bjørkeneset

Det vert synt til synfaring på nausttomtane GBNR 32/97,98,99 i Bjørkeneset i dag. Synfaring vart gjort då søkjar Rolf Einar Andvik bad om eit møte med kommunen.

Frå kommunen møtte sakshandsamar Kjartan Nyhammer og assisterande rådmann Sveinung Toft. Ivar Holmaas møtte som representant for Solveig Holmaas som er ein av tiltakshavarane i saka.

Status i byggesaka, der det vert søkt om oppføring av 3 naust i rekkje, kai m.m. , er at Statsforvaltaren i Vestland har klagt på det kommunale vedtaket. Kommunen gav løyve inkludert dispensasjon i samsvar med søknad. Kommunen skal ta stilling til om ein ynskjer å oppretthalde sitt vedtak i saka. I såfall vert saka sendt Settestatsforvaltar for endeleg klagevurdering.

I dialogen mellom søkjar og kommunen, i dag 9.desember 2022, oppmoda kommunen søkjar om å korrigere søknaden sin for å tilpassa tiltaka til reguleringsplanen i størst mogeleg grad. Etter avtale med søkjar kjem han tilbake med korrigert søknad. Kommunen set saka på vent inntil vi har motteke korrigert søknad.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbruksrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:

Ivar Holmaas
Rolf Einar Andvik

Sandnesstykket 3 5981
Bjørkeneset 18 5981

Masfjordnes
Masfjordnes